

Årsmelding 2023

Styremøte.

Det har vore 12 stk. styremøte sidan førre årsmøte + haustmøte.

SAKER HJÅ HBL.

Samferdsel.

- Buss. Bussen går ikkje på skulefrie dagar. Bussen må då bestilles dagen før og før kl.15.00 dersom buss/ transport skal utførast.
- Ferja. Vår ferje er ei beredskapsferje som vil føra til at dersom ferja har oppdrag på natta, så vil den ha kviletid på 6 timar før fyrste avgang.

Kulturelle tiltak.

- Hugladag. Arrangert av fleire.
- Barar fekk inn om lag kr.65.000
- Haustmøte. Kulturelt innslag av Åge Stokken. Her kom det bl.a. inn innspill om å få navneskilt på bygdehuset, få navneskilt til vegar.

Gåve.

- Alsaker fjordbruk kr. 50.000
- Spv. kr. 180.000,-

Bygg eigedom til HBL.

- Gnr.3/78 – Samsonstomta. Var to stk. som viste interesse. Vart med det.
- Skarvene 2 – utført noko vedlikehald.
- Huglo Bygdehus. Utført tiltak kring tak på mellombygg og no held me på innvendig i underetasjen. Skifta vindu på kjøkken og trimrom. HIL har tatt kostnaden med trimrommet. Varmepumpe er montert i møterommet Småskulen.

Fastlandsambandet.

Har prøvd å få SK til å støtta opp om detaljreguleringsplan, då utan å lykkast.

Leiro og Vikasanden.

Vikasanden – vert drifta som før.

Leiro.

Har komen varsel om vern.

HBL har i samråd med grunneigar sendt merknad kring bruken. At den kan brukast som før.

Heimabaserte tenester.

Sendt brev til SK. Må få dei same tenestene på Huglo som elles i kommunen.

Huglo.no

Asbjørn Sortland har sakt seg villig til å bistå med informasjon. Viktig at dei som bur på øya sender melding til han om stort og lite.

Politisk møte 31/8-2023.

Det vart halde politisk møte den 31/8-2023. Partia frå og med SV -FRP var til stades.

HBL stilte to spørsmål.

1. Ordning av den kommunale kaien. Samtlige parti svara ut – er inne i investeringsplanen – det vert utført.
2. Fastlandssambandet – detaljreguleringsplan. Det skal bli sitt på.

Gnr. 66/68 – Tongakaien.

31. nov. 2023 – kommunestyret. (etter valet) vart gnr.66/68 med ei stemme overvekt lagt ut på sal.

27. des. 2023 kalla Tongjen båtlag inn til møte. Dette for å få interessentar til å koma med løysing.

Det vart gjennomført to møter etter dette.

Det var press frå Stord kommune å koma til ei semje snarast – om ikkje vart det lagt ut på FINN.NO

Det var ein interessant – Sunnhordland Båthotell. For HBL var det viktig at fraktebåtar kunne leggja inn til ny kai for å lasta/lossa.

I brev der HBL signerte var tilkomst med fraktefartøy tatt i vare samt opparbeiding av småbåthamn på innsida av molo. Målet var å få saka opp politisk slik at overtaking kunne utførast ved ein symbolsk sum.

Båtlaget signerte ikkje på denne avtalen.

Etter at dette brevet vart sendt SK kom det brev frå Tongjen Båtlag at dei også hadde interesse av å få hand om gnr.66/68.

Så for ei veke sidan kom stiftelsen Tongaskjerskaien Vel med brev, der dei også var interessert i å få hand om gnr.66/68.

Resultat er at gnr.66/68 vert lagt ut på FINN.NO